

Inge Kleiven  
Fjellsbøvegen 77  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9723 - 21/79418

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
24.11.2021

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 48/1 Fjellsbø nordre

**Administrativt vedtak: Saknr: 1260/21**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.12.2026 for Gbnr 48/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

### Saka gjeld:

**Inge Kleiven** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 48/1. Drifta er 63 vinterfora sauер. Søkjer eig 47 daa overfatedyrka og leig 44 daa overfatedyrka. Driftsformen er utgangardrift.

Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året. Søkjer brukar ikkje kunstgjødsel.

GDE =0

### VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg langt under 50 % av normgjødsling. Bruket har få gjødseldyreiningar (GDE) og har mykje areal i høve til dyretalet.

Kommunen har dirfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/9723 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Inge Kleiven

Fjellsbøvegen 77

5956 HUNDVIN